Ål skal vere ei kommune med

Moglegheiter for alle

Valprogram 2023-2027

Ål Høgre



Ål har moglegheiter som kan utviklast til stor betydning for bulyst, livskvalitet, folkehelse, destinasjonsutvikling og næringsutvikling.

Ål opplever som mange andre kommunar relativt flat folketalsutvikling og aldrande befolkning. Me kan vinne kampen om rekruttering og tilflytting og snu den demografiske utviklinga gjennom gode, innovative planar og tiltak innanfor rekruttering, bustadutvikling, destinasjonsutvikling og styrka fagmiljø.

Ål kommune er ein solid kraftprodusent som eigar i Ål Kraftverk. Me har tilstrekkeleg konsesjonskraft til å kunne tilby innbyggjarane stabil og rimeleg straum. Ål Høgre vil at alle i Ål skal ha råd til å setja i gang med energiøkonomiserande tiltak for å få ned straumforbruket. I den dyrtida me no er inne i, kan me som kommune skapa stabilitet og vera føreseielege for å skapa vekst og møte morgondagens utfordringar.

Ål Høgre prioriterer to hovudtiltak: tilby fastprisavtale på straum til 40 øre KWH og styrke bemanninga med rett kompetanse og rett kapasitet i helse- og oppvekst.

Fastpris straum 40 øre
Det er no me verkeleg kan gjera ein skilnad for å styrke bu- og blilyst, vekst og utvikling i næringslivet og gjera Ål til Noregs mest innovative kommune. Me skal ha ein politikk på forvaltning av kraftressursane som innbyggjarane fortener og som gjev alle Ålingar rimeleg og føreseieleg kraftpris.

Ål Høgre vil at du skal disponere mest mogleg av eiga inntekt. I ei tid der alt vert dyrare, må me politikarar prioritere slik at det kjem alle innbyggjarar til gode, anten du er fastbuande, deltidsinnbyggjar eller næringsdrivande.

Alle kundar av Ål Kraftverk skal få tilbod om 40 øre KWH fastpris. Fastpris er føreseieleg for forbrukaren og gjev kommunen stabile og føreseielege inntekter. Ål Kraftverk sin kostpris er ca. 12 øre KWH.

Ål Høgre vil setje av midlar til utgreiing av moglegheiter for ny kraftproduksjon, noko som kjem framtidige Ålingar til gode.

Rett kompetanse og rett kapasitet

Ål kommune har store utfordringar med å rekruttere kompetent personell. Det er små kompetansemiljø, høgt sjukefråvær og stor slitasje. Tilsette gjer sitt beste, men belastninga vert stor over tid. Leiar- og kompetanseutvikling er krevjande å gjennomføre praktisk i små sårbare arbeidsmiljø.

Rekrutteringssituasjonen i kommunen må bli bedre. Sjukefråværet må reduserast og arbeidsnærværet aukast. Etter- og vidareutdanning av leiarar og medarbeidarar i tilstrekkeleg grad vil sikre større fag- og kompetansemiljø. For å gje tilsette tid til å planleggje god samhandling og ressursutnytting vil me styrke bemanninga i helse. I oppvekstsektoren ønskjer me auka lærartettleik og fleire yrkesgrupper.

Ål Høgre vil jobbe for å sikre og styrke tilbodet om vidare- og etterutdanning på Torpomoen. Sjukepleiearutdanninga er eit bevis på at store behov i kommunen og i Hallingdal kan dekkjast lokalt i bygda. Ål Høgre vil jobbe for fleire tilbod og søkje samarbeid med eksisterande universitet, høgskular og utdanningssentra.

Godt val!

Jørund Li
Ordførarkandidat

Attraktive og inkluderande lokalsamfunn i vekst

Ål kommune har som dei fleste Hallingdalkommunar ei nokså flat folketalsutvikling, og befolkninga vert eldre. Mangel på kompetent arbeidskraft innan spesielt helse og skule er kritisk og kan bli dramatisk dei nærmaste åra. Ei av dei aller viktigaste oppgåvene som må løysast i perioden er å rekruttere fleire folk til Ål og Hallingdal. Me må gjera oss attraktive og strekkje oss etter å vera den beste plassen i landet å bu og feriere i. Eit godt samfunn vert skapt nedanfrå, i familien, i nabolaget og i samhandling med dei frivillige. Dei frivillige, idretten og kulturlivet gjev lokalsamfunna identitet og bidreg til inkludering. Torpo, Nordbygdan og Sundre Velforeningar kjem til å spela ei viktigare rolle i utviklinga av dei ulike bygdene framover.

Ål Høgre vil:

- ✓ sikre føreseielege rammer til innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og næringsliv i Ål. Tilby fast pris på straumen på konsesjonskrafta og fjerne eigedomsskatten så lenge me har høge kraftinntekter.
- ✓ vera ein pådrivar, tilretteleggjar, støttespelar og partner for dei frivillige.
- ✓ stimulere og støtte eksisterande og nye kultur- og idrettsarrangement økonomisk og organisatorisk.
- ✓ styrke opplæring og formidling av folkemusikktradisjonane våre og bevare posisjonen som landets kulturkommune.
- ✓ arbeide for etablering av eit tilbod innan motor, musikk, teknologi m.m. for ungdom som fell utanfor det ordinære aktivitetstilbodet på Ål.
- ✓ gje fritidskort til barn og ungdom frå 6 -18 år for deltaking i aktivitetar uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn.
- ✓ at alle kommunale planar og tiltak vert gjennomsyra av eit folkehelseperspektiv.
- ✓ at Ål skal vera landets leiande sykkel- og skidestinasjon.
- ✓ leggje til rette for at fritidsbustader fortsatt kan nyttast som primærbustad under føresetnad av endring av folkeregistrert bustadsadresse.
- ✓ arbeide for å avvikle buplikta.
- ✓ styrke grendautvala og ved å tilføre betydelege midlar til desse vil ein kunne utløyse fleire midlar hjå stiftelsar og andre samfunnssbyggjarar.

Kunnskap og meistring i kvardagen for barn og unge

Dei første åra i barnehage og skule er grunnleggjande for heile utdanningsløpet. Det er då dei skal lære seg alfabetet, knekke lesekoden og oppleve meistring og læringsglede. Då er det viktig at barnehage og skule kan møte og fange opp alle barn med ulike utfordringar. Læraren er den viktigaste einskildfaktoren for elevane si læring i skulen. Tidleg innsats og tilpassa opplæring er avgjerande. Det er utfordringar med tilgang på fagkompetanse ved kortare og lengre sjukefråvær. Det er ikkje tilgang til vikarar og difor vert pedagogar og assistentar flytta på. Dermed vert ein ståande att uten den ekstra ressursen som enkeltelever eller grupper er tiltenkt. Dette gjer skulekvardagen uføreseieleg for både lærarar og elevar. Det er fortsatt høge tal på elevar med individuelle vedtak som utløyser spesialundervisning i Ål, sjølv om talet på dei som har fått tildelt færrast timar har gått litt ned. Dette krev pedagogiske- og assistent-ressursar i eit omfang som gjer det vanskeleg med to-lærarsystem og moglegheiter for tilpassa opplæring. Nedre-Ål skule har likevel kome langt det siste året med systematisk jobbing.

Grunnskulen i Ål scorar under middels av landsgjennomsnittet på dei fleste område og elevundersøkinga gjev dårlegeare score på alle område dei siste fire år. Mobbetala er nesten dobbelt så høge som landsgjennomsnittet.

Ål Høgre vil:

- ✓ at grunnskulen på Ål skal vera blant landets beste.
- ✓ auke lærartettleiken og rekruttere fleire yrkesgrupper.
- ✓ styrke og skapa større fagmiljø i oppvekstsektoren.
- ✓ oppretthalde ei styrka PPT (pedagogisk psykologisk teneste i familiens hus) slik at dei kan bidra med meir observering i «kvardagen» i klasserommet og vera rådgjevar og støtte for lærarar samt bidra til kompetanseoverføring frå PPT til lærarar ved å jobbe tettare saman.
- ✓ at skulehelsetenesta skal prioriterast: fokus på førebyggjande arbeid og psykisk helse ved å vera til stades, og styrking av helsesjukepleiar på skulen. prioritere tilpassa opplæring framfor spesialundervisning.
- ✓ gjera føresette meir bevisste elevane sin rett til tilpassa opplæring.
- ✓ organisere barnehagar og skular slik at me nyttar læringsressursane best mogleg og greier å levere tilpassa opplæring og tidleg innsats.
- ✓ at skulane skal ha økonomiske rammer som sikrar gode lærings- og arbeidstilhøve samt etterutdanning av tilsette.
- ✓ vera ein pådrivar for å sikre gode og smidige overgangar mellom barnehage og skule og frå ungdomsskule til vidaregående skule.
- ✓ at kommunen skal vera tilretteleggjar for at elevar med behov for tilpassa og praktisk undervisning får praksis ute i bedrifter eller andre arbeidsplassar der dei kan kjenne meistring.

Kvalitet og valfridom i omsorga

I 2040 vil det vera meir enn 1,4 millioner menneske over 65 år i Noreg. Fleire lever lengre, både med og utan sjukdom. Mange ønskjer å bu heime så lenge som råd, og det skal me leggje til rette for. Ål Høgre må tilby førebyggjande heimebesøk for å sørge for at dei eldre får den hjelpa dei treng. Å få god og riktig hjelp når ein har behov for det, er viktig for både tryggheit og livskvalitet. Det viktigaste i helsetenesta er pasienten, ikkje systemet.
Ei god helse er ein viktig del av å leva eit godt liv og ha god livskvalitet. Kommunen leverer eit breitt spekter av helse- og omsorgstenester til innbyggjarane. Tenestene skal vera framtidsretta, med høg kvalitet og stor profesjonalitet.
Det skal opplevast trygt å få dekka behov for helsetenester frå kommunen, men me skal og leggje til rette for at fleire klarer seg sjølve heime lenger.

Ål Høgre vil:

- ✓ at Ål skal halde fram med å vere ei leiande distriktskommune innan helse, og at Ål kommune er ein attraktiv arbeidsplass for personar med helsefagleg bakgrunn.
- ✓ styrke bemanninga i helsesektoren.
- ✓ ta i bruk velferdsteknologi som gjev auka tryggleik slik at eldre kan bu heime lengre, som for eksempel tryggheitsalarm, digitalt natt-tilsyn, utlånsløysing for KOMP, multidose-dispenserar, e-låsar og digital avstandsoppfølging. Teknologi som også aukar effektiviteten for dei tilsette.
- ✓ etablere nytt behandlingsbasseng og samstundes sjå på moglegheitene for nye sjukeheimsplassar og omsorgsbustader.
- ✓ ta fram att planane som vart skrinlagt ved siste utbygging i helsetunet.
- ✓ arbeide for å behalde dagens tilbod ved HSS og bedre utnytting av kommunale senger.
- ✓ jobbe for døgnplassar innan psykriatri og rus i samarbeid mellom kommunane i Hallingdal.
- ✓ at kommunen i samarbeid med frivillige gjer det enklare for eldre å delta i sosiale og aktiviserande tilbod.
- ✓ oppretthalde Frisklivsentral og Frivilligsentral.
- ✓ styrke utviklinga av Hallinghelse og andre fellesarenaer i Hallingdal for å samle spesialkompetanse i eigne fagmiljø.
- ✓ sjå på løysingar som fastløn og/eller alternative turnusordnignar for fastlegar, dersom dette kan vere med på å behalde og rekruttere fastlegar.

Næringsutvikling og bærekraftig økonomi

Endring i innbyggjarane si alderssamansetjing, flat folketalsutvikling, fleire med behov for assistanse, færre yrkesaktive, auka kostnader og reduserte inntekter stiller krav til omstilling i offentlege verksemder. Me vil ha ei effektiv, åpen og brukarvenleg kommune som set det enkelte menneske i sentrum, og som tilpassar seg den enkelte sine behov utan at kvar justering vert finansiert via auka skattar.
Ål kommune kjøper konsesjonskraft for ca 12 øre pr kw/t. Difor kan me tilby ein fastpris på straumen til 40 øre pr kw/t og likevel sikre gode inntekter til kommunen på dette salet. Næringslivsaktørar med gode initiativ og smarte idear skal få moglegheit til å etablere seg og vidareutvikle seg i kommunen vår. Difor er det viktig at kommuneplanen vert utarbeidd på ein overordna måte, slik at ein ikkje vert bunde over fleire år av ein kommuneplan der det ikkje finst rom for å tenkje nytt og annleis. Me er for lokal og privat sjølråderett så lenge det ikkje går ut over samfunnsinteresser. Det blir feil å bandleggje store potensielle område der eigarane har moglegheit for å realisere gode idear for ny vekst og utvikling i Ål. Ved bruk av landbruksmark til anna næring, skal det vurderast om likt areal skal dyrkast opp som erstatning for tapt dyrka mark, slik at Ål kommune kan halde fram som ei viktig landbrukskommune.

Ål Høgre vil:

- ✓ fjerne eigedomsskatten for private.
- ✓ prioritere utvikling av næringsareale.
- ✓ at det vert lagt til rette for sentrale næringsområde i kommunen i nær tilknytning til RV7.
- ✓ etablere handlingsregel for bruk av kraftinntektene.
- ✓ bruke «innovative anskaffelser» som metode og konkurranseutsetje offentlege tenester.
- ✓ vurdere etablering av kommunalt eigedomsselskap for forvaltning av kommunen sin totale eigedomsmasse, og som kan vera ein dynamisk aktør i lokal eigedomsmarknad.
- ✓ at Ål kommune skal vera ei ja-kommune; det skal vera enkelt å koma med nye initiativ og få gjennomført dei.
- ✓ bistå næringsutvikling relatert til realisering av Masterplanen for sykkel og skiheisområda.
- ✓ styrke Torpomoen som beredskapsarena.
- ✓ leggje til rette for bevaring og utvikling av eit produktivt landbruk i kommunen ved å oppretthalde tilskot til dyrking av ny jord som gjev god arrondering.
- ✓ leggje til rette for eit levande Sundre med brei, variert og stødig handelsnæring.
- ✓ stimulere næringsinitiativ for utvikling av Sundre til ein sosial møte- og handelsplass med tak over Myren.
- ✓ jobbe for ein meir rettferdig, effektiv og treffande modell for bruken av midlar som er avsett i langtidsbudsjettet til bustadutvikling.
- ✓ styrke næringsfondet.
- ✓ ny satsing på nydyrking skal styrke landbruket i Ål. Me vil gå inn for ei betydeleg auke i støtta.
- ✓ initiere digitale utviklingsprosjekt som effektiviserer kommunen si sakshandsaming, kommunikasjon med kommunen sine innbyggjarar og næringsliv, og realiserer digitale løysingar som aukar innbyggjarane sine moglegheiter til medvirkning.

Grøn transport og bedre vegar

Satsing på samferdselstiltak er det viktigaste distriktspolitiske verkemiddelet. Samstundes må me ta grep for å møte klimaendringane. Då må me ha fleire grøne køyretøy, og nye og bedre vegar som får ned utsleppa. Me må leggje til rette for utvikling av infrastruktur som ladestasjonar slik at turistane kan reise klimanøytralt til Hallingdal med elbil. Ål Høgre vil gjera kvardagsreisene enklare, tryggare og grønare for alle og mest av alt for ungdommen som er kommunegrenselause og ønskjer å dyrke venskap, hobbyar og fritidsaktivitetar som kanskje berre finst i nabokommunen.

Ål Høgre vil:

- ✓ prioritere «Vegpakke Hallingdal» Ørgenvika - Gol.
- ✓ arbeide for bedre regularitet over Hardangervidda vinterstid.
- ✓ bedre kollektivtilbodet i heile Hallingdal via minibussar med auka frekvens og som køyrer når passasjerane har behov.
- ✓ at innkjøp av nye køyretøy i kommunen fortrinnsvis har nullutslepp.
- ✓ oppruste kommunale vegar.
- ✓ halde fram med å ruste opp kommunale vegar for legging av fast dekke.
- ✓ jobbe vidare med trafikksikker skuleveg i heile Ål, slik at barn og ungdom kan koma seg trygt til og frå skule til fots og med sykkel.
- ✓ prioritere anbod på alt vedlikehald, både sommar og vinter. Same kvalitetskontroll av både private og offentlege.
- ✓ bidra til å utvikle ladeparkar som er synlege frå RV7 for å få gjennomreisande til å stoppe på Ål og gjera det enklare for turistar å reise med elbil i staden for fossildreven bil.

Valglisten:

1

Jørund Li Ordførerkandidat (kumulert)
Alder: 55
Dagleg leiar, Torpomoen

2

Torhild Helling Bergaplass
Alder:66
Pensjonist

3

Knut Einar Haug
Alder: 59
Bonde/ Dagleg leiar,
Ål Skisenter

4

Espen Karlsen
Alder: 58
Leder Personmarked
Hallingdal, SpareBank 1
Hallingdal Valdres

5

Eldbjørg Nedrestøl
Alder: 40
Markedskonsulent,
Hallingdølen

6

Tor Olav Tveito
Alder: 42
Selger Optimere proff
innland

7

Torleiv Dengerud
Alder: 60
Bonde

8

Lene Fingarsen
Alder: 46
Miljøterapitenesta,
Ål kommmune

9

Gudveig Fingarsen
Alder: 70
Pensjonist

10

Terje Granheim
Alder: 47
Helseteamet,
Ål Kommune. Selvstendig.

11

Audun Etterlid
Alder: 47
Dagleg leiar, Stiger til tak AS

12

Jostein Fingarsen
Alder: 44
Overmontøravd.
Hol Hallingdal Kraftnett

13

Frøydis H Øygard
Alder: 24
maskinfører,
Oddvar Øygard AS

14

Svein Fuglset
Alder: 44
Prosjektleder, Bruse

15

Kolbjørn Opheimsjorde
Alder: 56
Bonde

16

Ann Kristin Hoff
Alder: 51
Frisør

17

Glen Arvid Valstad
Alder: 36
Avdelingsleiar Vassområde,
Ål Kommune

18

Dominic Stec
Alder: 45
Dagleg leiar,
Handverkhuset AS

19

Lars Sandåker
Alder: 33
Spare og investerings-rådgiver

20

Geir Ove Buseth
Alder: 51
Visit Ål

21

Ingrid Lovenberry Ødelien
Alder: 72
Pensjonist

22

Erlend Medgard
Alder: 39
Næringsdrivande

23

Gunnar Haugo
Alder: 64
Hallingplast, transport planlegger

24

Rune Lappegard
Alder: 35
Elektriker, Elektroservice Hallingdal Installasjon AS

25

Erik Leander Paule
Alder: 54
Dagleg leiar

Se www.facebook.com/Alhogre for presentasjon av alle kandidatene





Foto: Elin Etterlid Tveito/Geir Ove Buseth

Vi tror på Ål!

Ål Høgre